



Rusomsorg Vest Nappane  
Titlandsvegen 359  
5912 SEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1685 - 18/19742

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

25.06.2018

/

## Melding om forureining frå avlaupsanlegg - gbnr 129/ 6 og 33 Titland søndre

Lindås kommune har motteke melding frå eigar av gbnr 129/9 om lekkasje frå avløpsanlegget på gbnr 129/6. Viser til vedlagte dokument.

Då slangen er kopla på att, er ikkje situasjonen vurdert som akutt.

Ut frå det som nabo melder frå om, så kjem det store mengder vatn ut frå anlegget. Det kan tyde på at anlegget ikkje virkar slik det skal, eller at belastningen på tanken er for stor ut i frå tal brukarar av anlegget. Det har ved fleire høve tidlegare vore kontakt mellom nabo, dykk som eigar av anlegget og kommunen ifr. mogeleg forureining frå anlegget m.m.

I våre arkiv så finn vi opplysningar om at det avløpet frå eigdommen går via septiktank i leidning under kommnal veg og vidare til sandfiltergrøft lagt på gbnr 129/9 sin eigedom.

Etter det vi kjenner til er septiktanken søkt etablert med ein storleik på 7,5 m<sup>3</sup>, medan størrelsen på den tanken som er etablert er på 6 m<sup>3</sup>, jf. opplysningar på NORVA 24. Du har i brev datert 30.01.2014 vist at du ikkje har kjennskap til at det har vore utført oppgradering på avløpsanlegget.

Ut frå det vi har kjennskap til i forhold til bruk av eigdommen og det forhold at hytte på gbnr 129/33 truleg er kopla på avløpsanlegget, så er anlegget underdimensjonert for den belastningen som er på anlegget i dag. Vidare er det stor sannsynlighet for at sandfiltergrøfta ikkje lenger fungerer, då desse har ei forventa levetid på 5-15 år.

Det følgjer av forureiningslova § 7 at ingen må ha, gjere eller setje i verk noko som kan medføre fare for forureining, og at når det er fare for forureining skal den ansvarlege sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av den. Som eigar av gbnr 129/6 er de ansvarlege for mogeleg forureining frå eige avløpsanlegg.

I første omgang ber vi om tilbakemelding på den samla mengde personar som nyttar avløpsanlegget og at det vert foretatt undersøkingar av ein rørleggjar som kan vurdere tilstanden på heile avløpsanlegget. Tilbakemelding etter undersøkinga må vere skriftleg.

---

### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Lindås kommune vil på bakgrunn av dette vurdere om gjeldande utsleppsløyve frå 1975 skal opphevast i medhald av forureiningsforskrifta § 12-16, jf. forureiningslova § 18.

**Frist for tilbakemelding er 16.07.2018.**

**Privatrettslege forhold:**

Eigar av gbnr 129/9 viser til at den private avtalen om rett til å ha avløpsvatn over hans eigedom er opphøyrd. Dette er i utgangspunktet eit privatrettsleg forhold som vedkjem de som partar av avtalen. Dersom du ikkje har rett til å ha avløpsleiding og sandfiltergrøft på gbnr 129/9 sin eigedom, så må det søkjast om ny avløpsløyving for eigdommen med ny plassering.

Vurdering kring tidlegare avtalar og rettar om plassering av avløpsanlegg er eit forhold som partane må avklara mellom seg, og er ikkje eit forhold som Lindås kommune tek stilling til.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kloakkforurensning og skader på gbnr 129-09 fra 129-06 og 33, akutt og langvarig  
Kloakkutslipp på 129-09 fra 129-06 og 33, akutt.

IMG\_1378

IMG\_1369

IMG\_1372

IMG\_1373

IMG\_1365

IMG\_1377

**Kopi til:**

Charles Sommersest Lilleskare                      Titlandsvegen 389 5912                      SEIM

**Mottakarar:**

Rusomsorg Vest Nappane                      Titlandsvegen 359 5912                      SEIM